

SKIPSREVYEN

No. 9 - Oktober 2017 - 47. årgang



www.skipsrevyen.no

Halsnøy Dokk i medvind - Men det gjelder ikke norsk verftsindustri



Verftene sliter



26

Over halvparten i minus

Oma Baatbyggeri



36

Satser mer på hurtigbåt

«Nyksund»



40

Verdens største förfartøy



Satsinga på lektarar med avlusingsanlegg har vorte ei viktig nisje for Halsnøy Dokk. Totalt har dei levert fem anlegg. På bilete ser vi «Langholmen», utrusta med eit Hydrolicer-avlusingsanlegg. Den gjekk til Salmonor i Rørvik. Foto: Halsnøy Dokk

Langt meir enn ein dokk

Dei har hatt nokre eigarar med åra, og har vore råka av både økonomisk motvind og sykliske bølgedalar. No er dei definitivt i smulare farvatn, og Halsnøy Dokk opplever ein historisk god periode.

Av Vidar Alfarnes
vidar@skipsrevyen.no

Det må seiast at aktiviteten den dagen Skipsrevyen var innom, på ingen måte er representativ for korkje 2016 eller 2017.

– Vi har to svært travle år bak oss, smiler sjefen for dei gode tidene, Frode Grønstøl. Nett i dag handlar det meste om å få på plass ein endå større og betre traverskran i den store hallen. Rett på utsida ligg eit solid stykke arbeid, klar for avreise til Stord og Apply.

Solide konstruksjonar

– Det er ein bærekonstruksjon i stål, som skal understøtte helikopterdekket på bustadplattforma til Johan Sverdrup, forklarar Grønstøl. Og det er ikkje nokon liten sak vi snakkar om. Lengda er 33 meter, breidda 37 og høgda 4. Vekta 125 tonn.

– Alt er jo gigantisk når det kjem til Sverdrup. Denne var akkurat så stor at vi måtte skøyta han saman på utsida av hallen. Vi er alt i gang med nok ein

stålkonstruksjon, som også skal nyttast for å gje støtte til det same helidekket. Den er meir som ein trekant, og måler 27x14x18 meter. Vekt: 110 tonn. Leveringa skal skje i januar 2018.

Tenkjer norsk

– Apply har vore heilt fantastiske for oss. Det starta med at vi gjorde ein liknande jobb på Ivar Aasen, før vi fekk

ståloppdraget med å laga støtte til livbåtstasjonen på Gina Krogh. Jobbar som har vore med å gjera oss kvalifiserte og sertifiserte for arbeid både for Statoil og Kværner. Apply på Stord er av dei selskapa som set pris på norske leverandørar. Må jo og seia at dei har vore særns nøgd med arbeidet vårt. Det er jo det aller viktigaste, slår mannen som kom til verksemda i Høylandsbygd alt i 2007 fast.



– 2017 teiknar til å bli eit godt år, også økonomisk. Første halvår var omsetninga meir enn det doble av heile 2015. Då blir det forhåpentleg nokre kroner i pluss på botnlina også, seier dagleg leiar hjå Halsnøy Dokk, Frode Grønstøl.

Travel tid

– Også då var det optimisme og travle tider. Vi hadde nett vorte ein del av Bergen Yards-konglomeratet til Magnus Stangeland, og det skjedde mykje på kort tid.

– Morselskapet fekk ei rekkje kontraktar på nybygg i denne perioden, og ein av dei vart sett ut til oss, M/S «Fugro Synergy». Det vart eit par hektiske og spennande år, med stor aktivitet og mange leigearbeidarar. Sjølv var eg innkjøpssjef i selskapet, fortel Grønstøl. Og det var ikkje nett ein liten pram som vart overlevert til hollendarane på hausten i 2009. Skipet var over 100 meter langt, og kom med eit nyutvikla boretårn som kunne handtere to borestrengar samstundes. Og elles komplett utrusta for aktivitetar ned til tre tusen meter. Fartyet var det første med den nye notasjonen «Light Drill Ship».

Dårleg stemning

Då «Fugro Synergy» gjekk frå Høylandsbygd hadde vintermørkret alt sige på. Verftet hadde på ny skifta namn, denne gongen til Bergen Group Halsnøy AS.

Og frå å vera nybyggingsverft, vart dei på ny plassert i kategorien skipsservice. – Det var i praksis dokking, reparasjonar og små ombyggingar. Du kan trygt skrive at det vart rimeleg stille. Og når konsernet opplevde store tap på Fjordline-båtane, var det ikkje så lett å investere og posisjonera seg for fleire oppgåver på Halsnøy. Det gjekk berre ein veg, og stemninga var alt anna enn god. Då eg slutta i 2012 var verftet til sals. Sjølv starta eg å pendla til Talisman i Stavanger. Det gjorde eg i halvtanna år.

Gravdal tok over

Då hadde subsea-pioneren frå Kvam, Hans Martin Gravdal, vore på handelstur i nabokommunen. For 30 millionar kroner tok han over rubbel og bit, og henta etter litt den tidlegare innkjøpssjefen tilbake som dagleg leiar. Gjennom eigerselskapet Cinus har Gravdal ei god portefølje med verksemder. Ikkje minst eig han også Fjellstrand på Oma.

Halsnøy Dokk AS var ein realitet, og med nytt eigarskap starta også ei historisk oppgradering. Mellom anna vart det handla stort i kranar. Ein beltegåande 300-tonnar ute, og to nye 20-tonns traverskranar innomhus. Investeringar på 23 millionar kroner.



Det har vore stor aktivitet i den 106 x 25 meter store dokken dei siste åra. På bilete ser vi PSV-en «Skandi Kvitsøy» frå DOF. Foto: Halsnøy Dokk.

La ny strategi


– Ingen tvil om at dette var offensive taktar, men vi visste også at det ikkje nytta å leve av aktivitetane i dokken aleine. Vi vart samde om å prøve oss i den stadig aukande marknaden i opdretningsnæringa, og fann ut at avlusing-

BRUNVOLL

PRECISION IS OUR PASSION

- MAIN PROPELLERS
- REDUCTION GEARS
- THORQUE PM PROPULSION
- CRP WITH DIRECT PM DRIVES
- AZIMUTH PROPULSION
- TUNNEL THRUSTERS
- LOWNOISE THRUSTERS
- AFTER-SALES SERVICE
- RETRACTABLE AZIMUTH THRUSTERS
- CONTROL, ALARM & MONITORING SYSTEMS
- RETROFIT

Each package can be tailor made to meet individual requirements. Our expertise ensures optimized propeller systems designed to handle all challenges of the harsh marine environment.



PROPULSION POSITIONING & MANOEUVRING

Brunvoll is your single source supplier and takes full responsibility for the propulsion, positioning and manoeuvring system in your vessel

This saves time and costs!

brunvoll.no

slektarar kunne vere noko. Vi har også prøvd å posisjonere oss som opplagshamn for farty eller riggar som ligg på vent på grunn av dei dårlege tidene off-shore. I tillegg er vi gode på stålarbeid, og ville gjerne utvikle oss vidare på det feltet. Samstundes som vi kontinuerleg ønskjer å ha båtar i dokken. Målt mot aktiviteten dei to siste åra, må dette se iast å ha vore ein grei strategi. Stor opplagsaktivitet har det ikkje blitt. Vi har eitt boreskip frå Odfjell liggjande, «Deep Sea Metro 2». Men på dei andre områda har vi lukkast ganske så bra, smiler den daglege leiaren.

Jobbane for Apply har vi vore innom. I tillegg har dei hatt ein del prefabrikasjon, og arbeid for ulike subsea-selskap.

Lekter-suksess

For kort tid sidan gjekk lekter nummer tre nord til Rørvik. I tillegg har Halsnøy Dokk levert to i nærområda.

– Det starta så smått med at vi friska opp ein lekter som Alsaker Fjordbruk hadde



Som ein ser på oversiktsbilete av anlegget i Høylandsbygd, har Halsnøy Dokk både bra plass og gode fasilitetar. Foto: Halsnøy Dokk

kjøpt i Polen, og monterte eit avlusingsanlegg på «Riga», som lekteren heiter. Det er snart tre år sidan. Sidan har vi hatt ei bratt og spennande læringskurve når det kjem til lus, resistens, runde kantar og store flater som må vere veldig enkle å vaska reine, røpar Grønstøl. Den siste heitte «Optimal», hadde eit Optilice-anlegg. Her var leveringsadressa SinkabergHansen/Emilsen Fisk i Rørvik.

Den førre, «Langholmen», var utrusta med eit Hydrolicer-avlusingsanlegg. Den gjekk til Salmonor i Rørvik.

I skrivande stund har dei ikkje hanka inn nokon ny lekter-kontrakt, men det vert jobba med fleire aktuelle kandidatar.

– Oppdrettsnæringa er ein veldig kjekk bransje å jobbe mot, og det er heller

SPXFLOW

APV PLATE HEAT EXCHANGERS
– FOR THE MARINE BUSINESS

High Performance Heat Transfer



SPX FLOW provides advanced APV Heat Transfer solutions ranging from main engine and auxiliary cooling, heat recovery, fuel oil coolers (MDO/MGO) and solutions for scrubber cooling.

The APV portfolio includes a wide range of highly efficient, reliable and economical plate heat exchanger solutions.

SPX FLOW AGENT / DISTRIBUTOR

AS Norco Oslo
Drammensveien 127 – 2. etage • Pb. 3053 Elisenberg • 0207 Oslo • Norway
P: +47 22 55 70 92 or +47 22 55 73 84 • F: 22 55 07 61
E: Dag.Venjar@Norco-Oslo.No • www.Norco-Oslo.No
www.apv.com

APV®

ikkje tvil om at dei har mange uløyste oppgåver. Folket er særst løysingsorienterte, og mange kjem frå små familieselskap. Der dei ofte veit eitt og anna om opp- og nedturar, seier Grønstøl.

Travelt i dokken

Kvinnherad har lange tradisjonar for skipsbygging. Ikkje minst har Hellesøy Verft bygd mange og til dels store skip. – Mest alle skroga som har kome frå utlandet har stoppa her for å få montert hovudmotorar og trustarar, før dei har gått vidare til Årsnes. Eller til Eidsvik skipsbyggeri i Uskedalen. Denne type oppdrag er det definitivt færre av i dag, konkluderar mannen som kan tilby ein dokk på 106 x 25 meter.

Likevel har selskapet stort sett hatt fullt belegg i dokken dei par siste åra. Nett no ventar dei inn ei ferje. Ho skulle eigentleg ha vore på plass, men det er alltid ein stor kabal som skal gå opp. Ikkje minst må reserveferja vere klar for å overta, og det er ikkje alltid slikt går heilt etter planen i eit stort reiarlag.

– I vår var det jo kø for å få båtar i dokk. I tillegg hadde vi veldig mykje anna arbeid i den same perioden. Vi er kring 30 fast tilsette her i Høylandsbygd. Første

halvår 2017 hadde vi i snitt 60 til 80 leigearbeidarar. På det aller travlaste var vi sikkert 130 mann her, smiler Grønstøl.

Godt naboskap

Slikt merkar ein sjølvsagt også på omsetninga. 2013 gjekk nokre millionar

i minus, medan 2014 hamna omtrent i null. Om ein held investeringane utanom. I 2015 gjekk det tråare, medan driftsinntektene meir enn dobla seg i 2016. Frå kring 49 til 113 millionar. Med eit driftsresultat på godt fire millionar.

– 2017 teiknar også bra. Første halvår var omsetninga meir enn det doble av



Halsnøy Dokk opplever ein historisk god periode. – Vi har to svært travle år bak oss, smiler sjefen for dei gode tidene, Frode Grønstøl.



ERSTATNINGSELEMENT TIL ALLE APPLIKASJONER



VAKUMTØRKE ANLEGG FOR FJERNING AV VANN I OLJEN



SANDTORV
maskin



DIESEL OG SMØROLJEANLEGG SOM ERSTATNING FOR TRADISJONELLE SEPARATORER



SMÅ EFFEKTIVE ANLEGG FOR RENSING AV ALLE TYPER OLJER

LEVERANDØR AV FILTERLØSNINGER TIL SMØROLJE, DIESEL, HYDRAULIKKOLJE, GIROLJE, VANN OG LUFT

TLF: +47 55 08 46 00

www.sandtorv-maskin.no

Tråvik 44, 5384 Torangsvåg

heile 2015. Forhåpentleg blir det nokre kroner i pluss på botnlina også.

Halsnøy har tradisjonelt vore eit sentrum for skipsbygging og anna maritim industri. Johannes Eide var lenge den sentrale mannen for det aller meste som skjedde i og kring Høylandsbygd. Det var også han som bygde opp verftet som i dag er Halsnøy Dokk. Frå eit lite verft som bygde trebåtar, til eit moderne stålskipsverft som i sine beste år hadde nærare 450 tilsette. Sønene hans har seinare bygd dette vidare. Men dei tøffe tidene offshore, førte til at hovudselskapet, Eide Marine Service AS gjekk konkurs i fjor. Laksebaron Gerhard Meidell Alsaker har kjøpt mesteparten av konkursbuget, og etablert Eide Marine Contractors.

– For oss er det veldig bra at hovudverksenda til Eidane har vorte verande i Høylandsbygd, og vi samarbeidar godt med det nye selskapet. Dette trur eg kan bli spennande for alle partar i tida som kjem, seier Halsnøy Dokk sin daglege leiar, Frode Grønstøl.



Satsinga på stålarbeid har bore gode frukter, og Halsnøy Verft har dei siste åra gjort mykje bra arbeid på dette feltet. Jobbane for Apply gjer at dei no er sertifiserte for å utføre oppdrag både for Statoil og Kværner.



Halsnøy Dokk har prøvd å posisjonere seg som opplagshamn for farty eller riggar som ligg på vent på grunn av dei dårlege tidene offshore. Satsinga har ikkje resultert i det heilt store, og boreskipet «Deep Sea Metro 2» frå Odfjell er einaste faste gjesten i Høylandsbygd

HamiltonJet

JETAnchor

Bill Hamilton startet jakten på den perfekte fremdriftsløsningen for mer enn 60 år siden.

I dag er Hamilton en ledende aktør i vannjetmarkedet med modeller fra 70 til 7500kW.

- Bedre kavitasjonsgrenser
- Bedre akselerasjon
- Redusert drivstofforbruk
- Bedre styre- og kontrollsystem
- Elektroniske kontrollsystemer
- Høyere driftsikkerhet
- Større supportnettverk

Posisjoneringsverktøy for Hamilton vannjet og Blue Arrow kontrollsystem.

- Innebygget GPS-posisjonering
- Hvile-modus/oppankringsfunksjon
- Mindre slitasje på mannskap/ utstyr
- Redusert drivstofforbruk
- Økt sikkerhet

Ta kontakt for mer informasjon!



Progress
INGENIØRFIRMA AS

Tlf 2202 7900,
post@progressing.no
www.progressing.no

Spesialist på fremdrift.